

Søknad til Årets kulturkommune

Radøy kommune søker om å verta nominert til årets kulturkommune 2019.

Me har ikkje eit glitrande Soria Moria-slott i Radøy. Men, eit mangfaldig kulturliv er gullet vårt. Målretta satsing innan tronge økonomiske rammer, har det siste tiåret lagt grunnlaget for at kommunen saman med lag og organisasjonar har gjort eit kulturelt løft som me er stolte av. Som følgje av dette har Radøy i dag eit variert kulturliv både i breidde og kvalitet, noko som dels var mangelvare før denne satsinga starta.

Radøy kommune med i overkant av 5000 innbyggjarar, framstår i dei fleste statistikkar som ein typisk bukommune. Kommunen er både skattesvak og nærings svak, men nyt godt av å vera del av ein felles bu- og arbeidsregion i Nordhordland og Bergen.

Utfordringar

I 2007 stod kommunen overfor store økonomiske utfordringar. I tillegg var det tydelege meldingar frå dei unge om at dei ynskte eit betre og meir allsidig ungdomstilbod, større tryggleik, få bukt med litt rusproblematikk, og større satsing på skulen.

Det nyvalde kommunestyret klarte å skapa ein felles plattform med tydelege mål: Sterk satsing på barn og unge, stram økonomistyring, og kvalitetsutviklingsprogram. For å klara dette måtte det fokuserast på at målet er å gjera kommunen til ein betre stad for alle, og at me dermed skulle styrka fellesskapen gjennom å bruka våre eigne ressursar. Me ville oppnå auka samhald, der kvar innbyggjar tek ut talenta sine i eit trygt fellesskap.

Samstundes måtte den kommunale drifta gjennom ein ommstillingsprosess.

Lagsiger

Tolv år etterpå framstår Radøy som barne- og ungdomskommunen, og kultur- og idrettstilbodet har truleg aldri vore meir allsidig. I skulane er det høg trivsel og gode resultat, tenestekvaliteten er god, kommuneøkonomien er sunn, og folketalet aukar.

Dette er ein lagsiger til innbyggjarane i kommunen, der me saman har bygd stein på stein og kome oss gjennom utfordringane. Viktige suksessfaktorar har nettopp vore satsinga på kultur, idrett og frivilligheit, og samspelet mellom lag- og organisasjonslivet og kommunen. Kommunen har i ein krevjande periode vist stor vilje til å auka løyvingar til kultur og idrett. Kulturen har hatt – og har ei viktig rolle som limet i lokalsamfunnet vårt.

Planar med sterk forankring

Det ligg systematisk planarbeid bak dei resultatane som me i dag kan sjå fruktene av innanfor kultursektoren. Kommunen har utarbeidd kulturplan (2011), og kulturminneplan (2017), som har hausta stor anerkjenning frå fagleg hald. Desse to planane ligg til grunn for budsjett og konkrete oppfølgingstiltak. Kulturplanen sin handlingsplan er rullert.

Kommunen sin plan for idrett, friluftsliv og nærmiljø (2016) blir årleg rullert i kommunestyret. Radøy har også plan for Den kulturelle skulesekken.

Radøy-politikarane har fått utarbeidd og vedteke ein målbruksplan for kommunen. Radøy fekk vart i 2014 kåra til Årets nynorskkommune her i landet for å ha utmerka seg med sitt breie arbeid for å vedlikehalda og styrka nynorsken.

Radøy kommune har lagt stor vekt på å utvikla eit godt og nært samarbeid med lag og organisasjonar. Mellom anna var Radøy den første kommunen i Hordaland som etablerte samarbeidsavtale med idrettsrådet i kommunen. Det inneber at alle saker knytt til idrettssektoren er til høyring og innstilling frå idrettsrådet. Musikkrådet i kommunen spelar ein tilsvarande rolle.

Radøy kommune legg vekt på ha eit tett og godt samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen. Jamlege møte er eit ledd i dette samarbeidet. Det vert også sendt ut infohefte til lag og organisasjonar i kommunen ca ti gonger i året – Kulturposten. Før store arrangement inviterer kommunen lag og enkeltpersonar til idémøte. Desse samlingane er sett i system og har stor oppslutning.

Store investeringar – stor breidde

Store investeringar i idrettsanlegg er realisert på grunn av at idretten og kommunen har funne løysingar under trong kommuneøkonomi. Derfor er det i kommunen i dag tre nye kunstgrasbaner, tre idrettshallar (ein privat) – alle av nyare dato/betydeleg oppgradert, eit nytt skyteanlegg og symjehall. Berre i løpet av dei fire siste åra er det lagt ned imponerande dugnadsinnsats for å gjera desse anlegga moglege!

Me ser det som ei stor tillitserklæring at Trond Mohn har vore raus og gitt store økonomiske bidrag til fleire av anlegga!

Det er stor breidde i idrettstilbodet i Radøy, der handball og også basketball for innvandrarar er etablert i tillegg til breiddefotball, symjeklubb, boccia, RC-klubb og andre idrettslags-aktivitetar. Fotballen har lange tradisjonar i Radøy, med aldersbestemte lag i alle delar av kommunen, i tillegg til fleire seniorlag. Radøy har satsa mykje på jentefotball, og det siste år har ein lukkast særleg godt med juniorfotball. Frå 2019 slår dei to fotballklubbane seg saman til ein ny klubb. Det har vist seg relativt greitt å rekruttera trenarar til dei mange aldersbestemte laga.

Det vert årleg arrangert innefotball-cup i fotball og helgocup i volleyball i Radøyhallen, med stor oppslutning.

Den kommunale idrettshallen er 30 år gammal, og nær totalrenovert siste åra. Hallen har 25 meters basseng og terapibasseng, som har vore i full drift i alle år sidan starten!

Kommunen tilbyr også gratis symjing til 1. og 2. klassingane i kommunen, og symjeopplæring ved alle dei fire barneskulane.

Radøy har eit velfungerande idrettsråd. I samarbeid mellom idrettsrådet og kommunen vert det årleg arrangert gode kurs/møte for unge, vaksne og trenarar.

Korps i verdseliten - kulturskolen 40 år

Radøy har landets største oppslutnad om korps i høve innbyggjartalet, med tre skulekorps og tre vaksenkorps, med elitekorpset Manger musikklag i spissen. Dette korpset hevdar seg i verdseliten for brassband, og skapar store og verdifulle ringverknader for svært mange i heile kommunen. Radøy-korpsa er faste deltakarar på konkurransar og festivalar, og Manger skulemusikklag arrangerer årleg ein stor skulekorps-festival.

Det er også ei god utvikling i songkor-tradisjonen i kommunen.

Kommunen støttar aktivt opp med rause kulturmidlar.

Kulturskolen 40 år: Den kommunale musikk- og kulturskolen i Radøy har spelt ei stor rolle for utviklinga av song- og musikkmiljøet i kommunen. Kulturskolen gir eit breitt tilbod, og det er ikkje utan grunn at me kallar kulturskolen vår for talentfabrikken. Kulturskolen har hatt mange elevar som har fått «drømmestipendet», og nokre av elevane har nådd langt i eiga karriere og etablert seg som utøvande musikarar/songarar. Kulturskolen har ein filosofi om å tilby både breidde til dei mange, men også talentutvikling for dei som vil meir. Kulturskolen står sterkt blant innbyggjarane, og vert mykje nytta i ulike arrangement.

Det er fleire fritidsorganisasjonar for barn og unge i Radøy. Mellom anna ein 4H-klubb, som har «modernisert seg», og har fleire medlemmer enn på lenge, og er eit svært samlande ungdomstilbod for veldig mange. Også fleire bedehus har gode tilbod for barn og unge.

Kyrkja står sterkt i Radøy, og gjennom økonomisk støtte frå kommunen er det tilsett ein person med ansvar for trusopplæring for barn og unge. Dette vert høgt verdsett og engasjerer mange.

Folkehøgskule: Manger folkehøgskule er ein sentral aktør også for det musikalske livet. Mellom anna fleire av lærarane ved skulen også lærarar i kulturskolen. Fleire elevar vert årleg rekruttert til dei lokale korpsa.

Kultur dagar og kystsoveveker

Radøy arrangerer Kultur dagar over 10 dagar i april annakvart år. Dette er ei mønstring frå lag, personar og kommunen, i eit tett samspel mellom kommunen sin kulturkonsulent og organisasjonane. Her er det eit yrande liv med stor breidde av aktivitetar og tilbod, der nesten alt er lågterskel, og lågkostnadsarrangement. Denne kulturfesten trekkjer mykje folk, og er blitt eit varemerke for kommunen.

Ingen andre kommunar i Kystsoveveke har så mange arrangement som Radøy, og me samlar over 2000 publikum kvart år på arrangementa i kommunen. Igjen er arrangementa ei mønstring frå frivillige! Opningsarrangementet ein søndag tidleg i august er ein viktig møteplass etter ferien, og samlar fleire hundre menneske!

Kulturminnefond: Kommunen har eit kulturminnefond, der avkastninga kvart år vert sett av til ei tilskotsordning for restaurering av kulturminne i privat eige. Dette fondet har auka stoltheita av å eiga kulturminne, og har utan tvil sikra mange kulturminne for ettertida.

Årleg kulturpris: Den høgaste utmerkinga i kommunen er den årlege kulturprisen, som etter utlysing kan tildelast personar og lag for arbeid innan kultur- og idrettsfeltet. Prisen går stort sett til frivillige, og er veldig samlande for innbyggjarane, og vedlikeheld fellesskapet vårt.

Bygdebok: Kommunen gjennomførte i perioden 2006 – 2014 eit svært arbeid med å gje ut gards- og ættesoge i heile fem bind for alle gardane på øya. Boka hausta stor anerkjenning i fagbokkrinsar, og er veldig populær.

Eldrekultur: Radøy har ein av dei eldste frivilligsentralane i Hordaland - skipa i 2002. Denne er eit nav i frivilligheita for dei eldre i kommunen. I tillegg er det ei rekkje frivillige lag for eldre som lagar aktivitetar som seniordans, medlemskveldar med ymse tema, middagar og ei rekkje større arrangement gjennom året.

Frivilligsentralen deler årleg ut frivilligpris.

Inkludering: Radøy har lagt vekt på å engasjera dei siste års flyktningar. Særleg har mange syrarar blitt godt inkludert opp i fleire frivillige lag, og dei deltek som hjelparar på ulike tilstellingar.

Barne- og ungdomskommune

Radøy kommune vart i 2014 kåra til årets barne- og ungdomskommune i Norge. Kommunen har i mange år lagt ned betydelege ressursar i barne- og ungdomskulturen, og haustar no gode gevinstar av dette kvar einaste dag. Denne satsinga på barne-, og særleg ungdomsretta arbeid, har sterk forankring i kommunestyret og hjå ein ordførar som er bevisst på å sjå og verdsetja ungdommen. Radøy kommune har eigen ungdomskoordinator i full stilling. Det er etablert eit ungdomsråd, som driv aktivt og som er eit viktig talerør for ungdomane inn mot kommuneleiing og politiske organ. Me har kommunal ungdomsklubb som har sitt eige Ungdommens hus, der ungdommane sjølv tar ansvar og styring.

Dei siste åra har Radøy kommune, med ungdomskoordinatoren i spissen, organisert eit omfattande aktivitetssopplegg i sommarferien, dette er aktivitetar som har sterkt fokus på inkludering. Ungdomsklubben tilbyr ei rekkje ulike aktivitetar for barn og unge også i vinterferiane og i påskeferiane.

Gjennom barne- og ungdomsarbeidet er det utvikla ein kultur for å vera gode rollemodellar mellom dei unge. Det blir gjort eit godt arbeid for å skapa gode haldningar mot mobbing og utestenging, ei satsing som i følgje undersøkingar no gir svært gode resultat. I Radøy vert det lagt vekt på at ungdommane skal sjå kvarandre og bry seg.

Ungdommane sjølve tar leiaransvar, både for eigne arrangement og i andre samanhengar. På dei fleste kommunale arrangement er det ungdommar som er fest- og programleiarar. Ungdommane får også utvikla det internasjonale aspektet gjennom ungdomsutvekslingar både som vertskap og som deltakarar på samlingar i andre land. Ungdomsrådet og ungdomsklubben har også utvikla eit tett samarbeid med nabokommunane.

Radøy-ungdom markerer seg i UKM-mønstringane både lokalt og nasjonalt. Seinast i fjor gjekk ikkje mindre enn fire frå Radøy vidare til landsfestivalen. Kommunen har etablert samarbeidsavtale med Redningssselskapet, og det er skipa eit eige RS-ung lag i 2015 i Radøy.

Sterk satsing på friluftsliv

Radøy uttalte at me skulle «bli best» i Friluftslivets år i 2015. Det vart i alle fall starten på ei målretta kommunal satsing på friluftsliv og tilrettelegging for friluftsliv. Frå og med dette året vart det fast løyving til materiell for å laga og vedlikehalda turstiar. I samspel med fylkeskommunen vert dei fleste stiane tydeleg merkte og skilta etter nasjonal standard.

Kommunen har eit veldig bra samarbeid med lag og einskildpersonar på dette området. Det er mange innbyggjarar som no lystbetont tek eigarskap for å rydda turstiar og opnar opp att gjengrodde stiar.

Turbrosjyre: Kommunen har i tre år utarbeidd ei turbrosjyre, som blir sendt i posten til alle. Alle som leverer inn eit kodehefte for alle turane, er med i trekning om fine premar. Dette har vorte eit populært og mykje brukt turopplegg, og er blitt eit flott folkehelseprosjekt! I år vert dette prosjektet erstatta av Stolpejakten, i samarbeid med Lindås og Meland kommunar og Knarvikmila.

Radøy er også aktiv medeigar i Bergen og Omland friluftsråd, og har i samspel med BOF utvikla og opprusta mange fine badeplassar i kommunen. I 2018 gjennomførte også BOF ei stor investering i friluftsområdet og krigskulturminnestaden Skageneset! Dette har vore eit storverk.

Sluttkommentarar

Det finst mange kommunar og samfunn som kan by på meir enn Radøy, me er audmjuke for det. Men, me er sikre på at dei utfordringane me skildra i innleiinga av søknaden, og den målretta satsinga som er gjort, har bore frukter. Me har mykje ugjort, men me har fått til mykje frå då me starta arbeidet for meir enn ti år sidan. Det me har oppnådd er ein lagsiger, og ein samspelsiger, for me har hatt tronge økonomiske handlingsrom. Men, me har i alle år prioritert og auka løyvingar til kultur- og idrett. Me kan understreka at kvar einaste krone investert i kultur, idrett og frivilligheit er det mest lønsame me kan gjera. Radøy er framleis ein skattesvak kommune, så me hadde ikkje klart det me har fått til utan godt samspel. Me snakkar om ein kommunekultur.

Kva kan me dokumentera?

Kanskje kan lensmannen sine ord til kommunestyret desember 2017 svara for seg:

«Gode kommunestyre, de kan vera stolt over det de har gjort for barn og unge dei seinare åra, for det fungerer,- de har gjort det rette. I lensmannsdistriktet utmerkar Radøyungdommen seg no på bemerkelsesverdig positiv måte. Her er om lag ikkje ungdomskriminalitet, rusproblematikken blant unge er særst låg, debutalderen for alkohol har gått opp, me registrerer nesten ikkje hæververk. Når me så veit at ein god ungdom varer heile livet og at ungdomstrøbbel også rammar heile familiar, så er Radøy eit godt samfunn for tida».

I ungdomsundersøkinga for 2018 skårar Radøy-ungdommen veldig positivt på oppvekstmiljø og framtidsutsikter. I tillegg viser tala våre at avgangselevane i 10. klasse no har grunnskulepoeng på landsnivå, noko som er I tillegg viser tala våre at avgangselevane i 10.klasse no er på landsnivå, kombinert med svært låge mobbetal, noko som er ei kraftig forbetring.

For Radøy kommune no 12 år etter at me sette oss måla me skriv innleiingsvis, har reisa vår gitt oss eit betre samfunn å veksa opp i og bu i. Breidda i kultur og idrettsliv har aldri vore større, og innbyggjarane er stadig kreative med innspel. Me har fått ein forsterka meirverdi, der det er populært å gjera ting saman.

Den største ressursen i lokalsamfunnet er oss sjølve, menneska som bur her og det me har fått til saman. Kultur og idrett er berebjelken vår, og verktøyet vårt i å skapa eit betre lokalsamfunn. Det er desse ressursane me har brukt i aktivt samspel for å nå visjonen til Radøy kommune –«Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle».

Radøy går i 2020 inn i Alver kommune saman med Meland og Lindås kommunar. Me er trygge på eigen kultur og identitet, og me veit at dette vert ein viktig fellesnemnar for Alver kommune også.

Radøy kommune søker om å bli årets kulturkommune 2019.